

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 39.

Fylke: Oppland.

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Lom.

Emne: Høgtidsmat ved familie-  
fester

Bygdelag: Bøverdalen

Oppskr. av: Ola Öyjorde

Gard: Vollakveen

(adresse): Bøverdalen

G.nr. 129 Br.nr. 2.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Ein del etter eiga røynsle

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke): Mor mi  
Rønnaug, 80 år gamal, Lom, Husmor.

## SVAR

A. Fødselen

1. Den skikken er gamal her og er i bruk enno, men no sterkt minkande. Det var fyrst og framst slekti som møtte upp um dei budde nokso langt av leid. So var der gjerne grendi, og andre som følte seg skuldige "Det var firifare", sa dei
2. Det var det nok ymse med. Gode venninor kunde nok halda fylgje.
3. Det kunde nok hende, men skikken var ellers, og det umtrent støtt at alle skulde ha graut.
4. Um det var der ingen fast regel. I mange grender var det gjevast å koma fyrst
5. Ein gong for kvart barn.
6. Skikken var at dei skulde ha graut- helst rumgraut
7. Det var graut kvar gong.
8. Barsengsgrauten var oftast boren i embar (amber) Desse embarane var oftast mykje forseggjorde, måla med roser eller utskorne. I summe av dei var dobbelt botn so dei ikkje skulde rumme so mykje graut, men ruve like mykje. Dei vart kalla "Ljugaremarar". I sume høve kunde dei nok bera med seg grauten i fat eller terrin, men det var ikkje ofte.
9. Her var brukt tvo nemningar um ein annan. Det var å gå med "Barsengmat" eller berre "Sengjamat"
10. Det var oftast husmori sjölv som gjekk. Det kunde og vera ei vaksi dotter, helst dersom ho var venninde med henne som hadde fått barn. Å sende ei tenestegjente med barsengsgrauten var ikkje bruka millom likestillta. Det har vorte sett på som ei vannære.

- II. Det var som oftast ikkje bru<sup>tt</sup>et eller skikken at mannen var med, men noko us<sup>me</sup>legt ved det trur eg ikkje det var halde for. Før bilane kom, var det ofte mannen måtte vera med som skjussgut.
12. Sendingsfolket skulde ha traktering, og alle husets folk skulde smaka på barsengsgrauten som sendingsfolket kom med. so var det skikken at ein måtte takke dei for "god<sup>g</sup> graut." Eg trur ikkje at der her i bygdi var gjort forskjell på um barnet var gut eller jente.
13. Det kallast å gå med "Sengemat" eller "Barsengmat"
14. Nei, "Barsöl" vart halde den dag barnet var til dåpen.
15. Ein gjekk nok til ugifte mødre og. Det kunde kanskje sjilja litt korleis opphavet til barnet hadde vore.
16. Skikken med å bera graut held seg her delvis enno. Men frå ca, 30 år sidan tok dei til å bera eittkvart anna t.d. blautkakor eller kringlor. Hermetikk og søtsupe har og vore bore. Blomster har vore lite bruka.
17. Ofte har dei isar i det seinare havt med seg ei gåve åt den vesle t.d. eit klædesplagg.
18. No er det nok fleire som har slutta å bera med seg matvaror. Dei har berre med seg ei gåve til den nyfødde.
19. Frå ei tid attende og det helst hjå dei meire velstående var der halde store "Barsöl" -(dåpskalas). Dei som var med var fyrst og framst faddrane so ætti og grændi.
20. Dåpsselskapet heitte og heiter "Barsöl"
21. Gjesterne bar med seg sendinger. Det var ingen fast matsettel.
22. Der var ingen regel med det. Dåpsmori ( ho som helt barnet over dåpen) og dei andre faddrane kvar for seg gav gjerne ei gåve "Faddergåvå." Det kunde vera pengar, ei sylvskei eller einkvan annan tingen.
23. No er barsöli gjerne berre for faddrane og dei mest nerskyldde. Sendinger er det og meir slutt med. Men gåvor vert gjerne gjevne.
- I samband med sp. 22 kann nemnast at eg har høyr<sup>t</sup> fortalt at når dei kom heim att frå kyrkja sette dåpsmori seg med barneti høgsetet, og ho rikka seg

ikkje derfrå før barnet hadde fenge ei gåve. Dersom han livde som barnet var uppat kalla etter var det han som laut ut med gåva.

#### B. Födselsdag.

24. Födselsdag vart ikkje feira ofte korkje for barn eller vaksne i eldre tider.
25. Födselsdag for voksne vart nok halde berre når dei har runda tal, og det helst etter at vedkomande har kome noko ut i åri.
26. I eldre tider var der nok berre slekti og neraste umgangskressen som vart bedne. Eg trur ikkje ubedne gjekk på gebursdagslagi etter gamalt. For der var det same som til brudlaup og gravöl. Lagi var bedne og det var ei skam å gå ubeden." kvar skal den ubedne sitja," sa dei. "jau, på stabben". Stabben stod i mørkaste roen - sorperoen - bak peisen.
27. No er det fast skikk å gjeva gávor på gebursdagen. Etter gamalt trur eg dei var heller smått stell med gávor, men det var oftast dei hadde "sending" med. t.d, avletter, rumbröd, skruller eller graut. I våre dagar ber ein ikkje til gebursdagslag. Dei som vil gå kjem lel.
28. Har ikkje höyrt om spesielle rettar til gebursdagen i eldre tider.
29. Dersom det er eit barn som har gebursdagen sin må det vera sjokolade. I vaksne folks gebursdagslag er det oftast middag. Det er ofte gjestane ber med ~~xx~~ seg kringlor, blautkakor eller berre blomar. Skikken å ha ljós på kaken er lite bruka.

#### C. Konfirmasjon.

30. Etter det eg har höyrt og spurt vart ikkje konfirmasjon högtida med nokon fest i eldre tider. Störste högtida eller æra for konfirmanten var å ~~xx~~ få stå fremst på kyrkjegolvvet.
31. No vert det som oftast halde konfirmasjonslag. Um ikkje andre ,so vert som oftast faddrane bedne. Konfirmasjonslagi kom smått um senn ibruk for ein 30 - 40 år sidan. Dette var hjå dei meire velstående Har sidan auka på os mo er det bruket i umtrent alle heimar.
32. Som nemnt för vert faddrane bedne, dertil dei ~~närmaste~~ av nærmaste av ætti og naboane. Lærar og prest vert nok som oftast bedne, NORRISK ETNOLOGISK GRANSKING

33. Det har vore bruka og tildels enno.
34. Det er skikk å gjeva konfirmanten gåvor. Som oftast er det dejsom vert bedne til konfirmasjonslaget som gir, men det hender andre gjer det og.
35. Har ikkje høyrte om faste rettar i konfirmasjonslagi. Det er som oftast middag og kaffe og kaker. Det hender men ikkje ofte at der kann vera ein punsj etterpå.

#### D. Brudlaup.

36. I eldre tider hende det nok at der var bruka å halda festaröl eller drikke festaröl som dei gamle sa. Men dette var etter som eg har spurgte berre sjeldan
37. Sjå svaret ovanfor. No for tidi er det ikkje bruka.
38. 3 måltider. Morgoverd "Biska", middag og kveldvor.
- b.I. dag. Um morgonen. Rumgraut, sådengraut og seinare gryngraut, hakkakjöt, smör, oster, rumbröd, skrivabröd, kaker, flattbröd, öl og mjölk
- Middag. Kjötssupe, kokt kjöt og flesk, pölse og etter potetene kom potetor, flattbröd og öl.
- Til kvelds umtrent som um morgon.
- " 2. dag. Slik som fyrste dag, eller til middags blodklubb og feitt.
- " 3. dag Til morgoverds som fyrste og andre dag. Til middags var det dersom laget skulde vera slutt servera lutefisk. Når lutefisken vart boren på bordet som middagsmat visste gjestene at no var laget slutt.
- c. Især rumgraut og lutefisk.
- d. Nei ikkje det folk no kann hugse. Men för i tiden medan det var ibruk " Skålbrudlaup". Gjeste gav i "skåli" som det heitte. Det kunde vera pengar, ein sau eller noko anna. I saman med dette var " Stabbedansen". Dette her høyrde med til programmet andre brudlaupsdag. Hjelparane "Fyregangsfolket" kom som oftast isaman ein dag etter laget var ifrå seg gjort.
39. I eldre tider var der skrivabröd, rumbröd, skruller og avletter, dertil graut. Var det skyldfolk eller gode kjenningar ein skulde gjeste måtte det alltid vera rumgraut. Kor mykje dei skulde ha med var det ingen regel um.
40. Smör og ost vart elta i former. Desse former var

utskorne og gjerne med namn og árstall. Dette vart altso pátrykt smöret og osten.

41. I eldre tider var det nok ibruk, især av dei som var nærskyldte til dei som helt brudlaupet. Bådsmannen ( bedarmannen) bar gjerne med seg t.d. ein kjøtlem- " bådsmannskjøtt"
42. Her kallast det sendinger.
43. Dei som for til brudlaups.
44. Her var ikkje ibruk nokon " Fönkveld" då dei som for til brudlaups hadde med seg sendingene sjölve. Men her i bygden var der ein annan skikk före både brudlaup og gravöl, og det var at dei hadde ut "Steikjing" som dei sa. Det var at dei i brudlaups- garden sende ut mjälposer åt naboer og kjenningar, so desse skulde steikje av dette avletter, skruller skrivabröd o.s.b. Mjälk, rumme og feitt skaffa dei til som sette steikjingi i stand. Dette vart so i god tid bore til brudlaupsgarden. Den kvinna som bar steikjingi til brudlaupsgarden, skulde vera med å sjå på og smaka på maten som andre hadde bore
45. Fönkveld var ikkje ibruk her.
46. Ei kvinne var beden til å ha ansvaret- til å stå for laget som det heitte. So var det kokke og svart- kokke ( underkokke) og fyregangsfolk. Bonn hadde millom anna å gjera å be folk til bords. Bådsmann og kjellarmann servera ölet. Som " heimatsending" var bruka å leggje litt i grautembaren eller sen- dingskorgi når folket reiste heim att. Dette især åt folk som hadde langt å reise.
47. Det er sjeldan med fleire dagars brudlaup no. Eit sjeldan hende er det med tvo dagars brudlaup. Skikken med fleire dagars brudlaup har smått un senn gått av bruk dei siste 30 år.
48. Delvis- og det som oftast berre ein middag.
49. Dette er og ein del bruka.
50. Brudlaupsgavor vart det som oftast smått stell med, men dess fleire telegrammer.
51. Det er berre t.d, Sylvbrudlaup og Gullbrudlaup. Det er ikkje alle som festar dei dagane heller.

#### E. Gravöl.

52. Atti, grendi og venner vart bedne til gravölmom. Det vart sent ivegen ein mamm " Bådsmann" ei veke för gravölet til å beda inn gjestene. Dette skulde

- 6
52. helst vera ein eldre mann, og stav måtte han gå med for å vera " Båför". Han helsa frå sjølvfolkom ( dei som kosta gravölet) um dei ( der han var inne) vilde gjera den avlidne den ære å fylgje henne eller hono<sup>f</sup>til graven den og den dag o.s.b.  
( Når båds mannen ba til brudlaup hadde han ei lang regle som var bruka over alt her i bygdi som dei dei kalla "Bådsmannsböni"
53. Det var nok fast takst med 3 dagar etter gamalt. 3 måltider til kvar dag.
54. Morgon, middag og kveld. Maten vart heile tidi servera ved langbord.
55. Har ikkje høyrt om det.
56. Gravölsmiddagen eller " Gravölsnonet".
57. Hjä nermaste nabo.
58. Gjestene hadde sending med seg.
59. Har ikkje høyrt om det.
60. Sendingen vart ikkje sendt dagen för.
61. Har ikkje høyrt om dette frå her.
62. Etter 1910 tok dei til jevnt over å halda berre ein dags gravöl. Dette var nok helst dersom den avlidne var eit barn eller eit yngre menneske. Var den avlidne eit eldre menneskje helt nok skikken seg med fleire dagars gravöl ei stund framover enno, So vart båds mannen utsendt berre til grendi. Dei andre gjester vart bedne pr. brev. Desse brevarki og brevveri hadde gjerne ein svart kant. Grautar vart det mindre og mindre av, istaden kom sukkerbröd og bordstablar frå bakaren og dertil kransar. So vart båds mannen heilt slöyfa, folk tok til å avertera. Ölbryggingi vart det for det meste og slutt med, bryggeriet skaffa ölet. Bilane har og gjort sitt til at ein kann halda stuttare gravöl. Medan ein laut köyre med hest<sup>s</sup> so måtte dei langvegsfarande gjester koma kvelden för gravölsdagen, og sameltis var det når dei skulde reise att.
63. Det vert ikkje bruka alkohol i gravöloom her. Eg kann ikkje hugse at der har vore bruka nokostörre av det heller. Einast var det bruket ei stunda at gjestene skulde ha eit glas portvin med det same dei kom til gravöls garden att, ifrå kyrkja. Men mor mi fortel at det fyrste ho kann hugse-frå 75 år sidan bruka dei å kjøpe inn brennevin liksovel til gravöl som til brudlaup.

64. Ja, og da især med sendinger.
65. No er det gjerne berre ein middag med kaffe etter.
66. Nei.
67. Ja det brukast nok, men ikkje ofte enno.
68. Brev som innbjuding til gravølsgjestene tok nok smått um senn til å koma i bruk ca. 1910 -
69. Jamt over trur eg ikkje det har vore bruka før ca 1920.

#### F. Nye fester.

70. 17. mai. Nei, det har det ikkje her. 17. mai var her full virkedag inntil han vart lovfest som helgedag, for 17. mai er midt i travlegaste vår-  
onni.
71. Morsdagen vert nok festlegalden, men ikkje av alle. Eg trur det var rundt 1920 dei tok til med det.
72. Nei, eg har ikkje høyrte om at farsdagen vert halden
73. Ikkje akkurat noko visst kakeslag, men dagen vert halden som ein gebursdag og da vert det vel helst baka kringlor.
74. Bakaren falbyr nok sine varor. Bladi kjem nok med sine oppskrifter på kaker til morsdagen. Men eg trur ikkje folk tek so mykje omsyn til dette når dei skal feste på dagen hennar mor.
75. Gjennom aviser helst. Ellers gjennom ymse lag kanskje.